



Referat frå kommunemøte torsdag 12. november

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Fylkesmannen, kommunane, Helse Fonna, Helse Bergen, Sivilforsvaret og Vest politidistrikt

Ikkje til stade: Hyllestad kommune, Osterøy kommune, Sveio kommune, Tysnes kommune og Voss herad

1. Vidare møtefrekvens

Grunna det auka smittetrykket så vil vi auke møtefrekvensen på desse møta til ein gong kvar veke. Vi vil halde fram med tidspunktet torsdag kl. 13.30 til 13.30. Oppdatert innkalling vil bli sendt ut etter møtet.

Nytt telefonmøte med kommunane er førstkomande **torsdag 19. november kl. 13.30**. Av praktiske årsaker ber vi om at kommunane ringer/koplar seg opp i møtet seinast klokka 13.20. Hugs å skrive namn på kommune/organisasjon i kommentarfeltet.

2. Informasjon til ikkje-norske

Det kan vere krevjande å gi god nok informasjon til både fastbuande, gjestearbeidarar og turistar med annan morsmålsbakgrunn enn norsk. Det er ulike forhold som kan gjere det krevjande:

- Dei forstår ikkje informasjonen som vert formidla på norsk eller engelsk
- Dei er ikkje vant med å finne offentleg informasjon, t.d. på heimesida til kommunen
- Det er ulik kulturell forståing for sjukdom som gjer at det til dømes kan vere tabu å bli sjuk, eller at ein ikkje har same forståing for alvoret med koronapandemien

Nasjonale styresmakter og fleire kommunar har gjort informasjon og rettleiingsmateriell tilgjengeleg på fleire språk. Det er eit viktig tiltak, men likevel er det nok ein del som ikkje får med seg informasjonen.

Vi er kjent med at enkelte stader har vaksenopplæringa og ressurspersonar i ulike miljø vorte nytta til å formidle viktig informasjon. Denne veka var det eit innslag på Dagsrevyen som viste at Halden kommune gjennom frivilligsentralen brukte ressurspersonar. Vi trur at det er både nyttig og nødvendig å sjå på ulike alternative måtar å formidle informasjonen på, og å få hjelp til å forstå kva betydning kulturelle skilnadar kan utfordre evna til å gi informasjon og ha dialog.

For kommunar med mange gjestearbeidarar vil det til dømes vere viktig med tett dialog med verksemdene slik at ein forsikrar seg om at informasjon vert vidareformidla til arbeidarane på ein god måte.

Vi veit at det er gjort mykje godt arbeid med dette i kommunane, og vi ønskjer å leggje til rette for å kunne dele erfaringar på tvers av kommunane. Vi tenkjer difor å setje av tid til dette temaet neste veke. Vi ber difor om at kommunar som har gjort gode erfaringar med tiltak og arbeidsmåtar tek kontakt med oss, med tanke på at dei på neste møte kan dele sine erfaringar.



3. Koordinering av tiltak i Bergensregionen

Kommunane Bergen, Askøy, Alver, Bjørnafjorden, Øygarden, Osterøy, Samnanger og Vaksdal innførte i helga likelydande tiltak forankra som forskrifter for å få kontroll på smitteoppblomstringa i Bergensområdet (sett bort frå mindre skilnader i formuleringar knytt til sjukeheimar og samankomer i private hus). Forskriftene har i første omgang varigheit fram til måndag 23. november. Samordninga av og innføringa av tiltaka var ei direkte respons på ei tydeleg oppmoding frå Bent Høie. Vi er veldig nøgd med korleis kommunane har teke tak i denne oppmodinga og på ein rask og god måte klart å koordinere seg så bra.

På førespurnad frå oss har FHI utarbeidd eit dokument med tilråding av innføring av ulike tiltak. Det vart sendt til alle kommunane i fylket på måndag, med ei førespurnad om at dei som ikkje har delteke i prosessen skildra over før klokka 12.00 i dag melder tilbake til oss om, og eventuelt kva tiltak dei har innført. Vi har fått inn nokre tilbakemeldingar og legg til grunn at dei som ikkje har meldt tilbake heller ikkje har innført tiltak.

Smittesituasjonen varierer stort mellom ulike delar av fylket, og behovet for særskilte tiltak utover dei nasjonale difor er ulikt. Der de lokalt ser behov for innføring av strengare tiltak, oppmodar vi at de samordnar dykk med nabokommunar, for å kunne få mest mogleg likelydande tiltak innanfor same bu- og arbeidsregion. Vi oppmodar om at de tek initiativet lokalt, men vi kan òg bidra i slike prosessar viss det er ønskeleg.

Særleg omsyn til sårbare grupper

Ved tolking av nasjonale tiltak og innføring av lokale tiltak er det viktig at praktiseringa ikkje vert for streng. Det er viktig at ein syt for oppretthalde tenester til sårbare grupper, som barn og unge.

4. Etablering av innreisekarantenehotell ved Bergen Lufthavn Flesland

Ein del av tiltaka som regjeringa offentleggjorde sist torsdag var innretta mot å avgrense importsmitte. Det vart m.a. etablert i ordning med karantenehotell med verknad frå måndag denne veka.

No skal alle som kjem til Noreg som er omfatta av kravet om innreisekarantene, gjennomføre karantenetida på etablerte karantenehotell. Det er nokre unntak ([sjå covid-19-forskrifta § 5](#)), m.a. for:

- Folk som er busette i landet og kan ha karantene i bustaden eller anna eigna opphaldsstad
- Folk kjem for å arbeid eller oppdrag, der arbeids- eller oppdragsgjevar syter for å ha eigna opphaldsstad med einerom i karantenetida.
- Asylsøkarar og overføringsflyktningar

Karantenehotella vert oppretta i nærleiken av grenseovergangane og fylkesmennene fekk i oppdrag å peike på kommunane som må opprette ei slik ordning.

I Vestland er det berre Bergen kommune som har grenseovergang og difor òg den einaste kommunen i fylket vi har gitt i oppdrag å opprette karantenehotell (jf. [rundskriv om karantenehotell](#) sendt ut til kommunane måndag denne veka). Det betyr at det per i dag ikkje er nokon andre kommunar i Vestland som treng å opprette slike hotell.

Meir informasjon på regjeringen.no: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/mer-informasjon-om-karantenehotell/id2784377/>



Sjå òg spørsmål- og svarsidene på regjeringen.no. Dei er oppdatert med om ordninga med karantenehotell: <https://www.regjeringen.no/no/tema/Koronasituasjonen/sporsmal-og-svar-om-koronasituasjonen/sporsmal-og-svar-om-innreiserestriksjoner/id2703365/>

Spørsmål om ordninga med innreisekarantenehotell

Vi har fått mange spørsmål om ordninga med innreisekarantenehotell. Under følgjer vår tilbakemelding på nokre av desse. Vi understrekar at dette framleis er ein ny ordning, og det kjem jamleg oppdaterte presiseringar frå nasjonale styresmakter. Vi tek difor atterhald om at det etter at dette referatet er distribuert kan kome andre presiseringar enn dei som står her. Vi tilrår difor at de held dykk oppdatert på regjeringen.no.

- a) Kva gjer kommunar viss det kjem folk til dei som skulle ha vore stoppa på grensa og gått i karantene? *Det følgjer av Covid-19-forskrifta at det ei plikt å gjennomføre karantene på karantenehotell ved innreise til landet, med mindre det fell inn under eit av unnataka. Viss det vert oppdaga at nokon har unndrege seg karantene, er det opp til politiet å forfølge det strafferettslege. Viss politiet ikkje har høve til å følge det opp, bør vedkomande person(ar) oppmodast om straks å gå i karantene.*
- b) Kva med norske studentar som studerer i utlandet? *Utanlandsstudentar er ofte framleis folkeregistrert i Noreg i studietida, og vert sett på som «busett» i Noreg etter covid-19-forskrifta. Studentar i andre nordiske vert òg sett på som busett i landet etter karantene-reglane, sjølv om dei etter reglane om folkeregistrering har fått sin registrerte bustad flytta til landet dei studerer i. Dei treng difor ikkje opphalde seg på karantenehotell, men skal gjennomføre karantene på anna eigna karantenestad, jf. krava i forskrifta.*
- c) Kven er ansvarleg for grensekontrollen og er det karantenehotell ved alle grenseovergangar med veg? *Det er politiet som i sin grensekontroll skal vurdere vilkåra for innreise til Noreg og informerer om plikta til å opphalde seg på karantenehotell. Det er såleis politiet som gjer ei vurdering av kven som må gjennomføre innreisekarantene på karantenehotellet jf. forskrifta. Samstundes er alle reisande pliktige til å følge krava som ligg i forskrifta, uavhengig av om det er politi til stades ved grensepasseringa eller ikkje.*
- Alle fylkesmennene har fått same oppdrag om å peike ut kommunar som må opprette karantenehotell. Det gjeld òg for kommunar med grenseovergangar med veg. Dette er gjort over heile landet, og det skal såleis vere peikt ut hotell, eller anna eigna opphaldsstad for alle grensepasseringane i landet. Nokre stader vil ikkje hotellet ligge rett ved grensepasseringa grunna praktiske utfordringar, men dette skal det bli gitt informasjon om ved passering av grensa.*
- d) Kva skjer med personar som har billett til andre flyplassar med transitt i Oslo? *Personar som kjem til Noreg som har plikt til å gjennomføre innreisekarantene på karantenehotell, skal gjere det der dei passerer grensa til Noreg.*
- e) Kan andre kommunar legge ut på heimesidene våre at krantenehotell for vår kommune er Scandic Kokstad hotell? *Vi trur at det kan skape forvirring om kommunane legg ut slike opplysningar på heimesidene. Scandic Kokstad er karantenehotell for grensepassering i Bergen, og dei reisande skal ikkje ut i andre kommunar før dei har hatt ti dagar karantene der (med mindre eit av unnataka gjeld). Vi tilrår difor*



at dei kommunane som vil informere om krantenehotell viser til informasjonen på regjeringen.no med tilhørande spørsmål og svarsider om innreiserestriksjonar.

5. Generelt krav om isolasjonshotell i kommunane

Jamfør [§ 8 i covid-19-forskrifta](#) har alle kommunar eit krav til å tilby opphald på hotell eller anna eigna stad viss buforhold, familiesituasjon eller andre forhold gjer at det ikkje gir forsvarleg smittevern å isolere den smitta heime. Kommunen kan i det enkelte tilfelle bestemme at dei som den smitta bur saman med, i staden for den sjuke, skal ta inn på hotell eller anna eigna opphaldsstad. Kommunen skal i begge tilfelle dekke kostnadane ved å bu utanfor heimen.

Slik vi tolkar forskrifta at ikkje kommunen krav om å stille med karantenefasilitetar til personar som ikkje har eigna buforhold, berre ved plikt til isolasjon. Men vi tilrår at kommunen i den einkilde situasjonen gjer ei vurdering av om det er naudsynt å hjelpe til med opphaldsstad òg til å gjennomføre karantene.

Vi har fått spørsmål om kommunen kan krevje at dei som skal gjennomføre isolasjon etter covid-19-forskrifta § 7 skal sjekke inn på hotell eller anna eigna opphaldsstad i regi av kommunen.

I § 7 i forskrifta står det at "*Å isolere seg innebærer å oppholde seg i eget hjem eller på et annet egnet oppholdssted, isolert fra andre, så langt som mulig også fra andre i samme husstand.*"

Slik vi les dette er det oppmoda til å isolere seg òg frå andre i same husstand så langt det er mogleg, men ikkje at det er eit krav om at ein må gjere det. Kommunen har etter § 8 berre ein plikt til å tilby eit slik tilbod. Viss det er tilfelle kor de ser det er ønskeleg å få vedkommande ut av eigen bustad for å hindre smittespreiing til andre i bustaden, så tilrår vi at de går i dialog med vedkommande. Men slik vi ser det er det altså ikkje høve til å tvinge nokon til å flytte frå eigen bustad til eit isolasjonshotell mot sin vilje.

6. Handheving av smittevernreglar v/Kjetil Øyri, Vest politidistrikt

Politiet har fått eit tydeleg signal frå nasjonale styresmaktar at dei skal stramme inn handhevinga av smittevernreglane. Dette er for at politiet i større grad skal bidra til å hindre smittespreiing. Dei har tidlegare bidrege, men har venta på klarare føringar knytt til oppfølging av lokale vedtak. Som følge av klarare føringar frå nasjonalt nivå/Politidirektoratet og større grad av samordning av lokale tiltak i regionane og opp mot politiet ved utforming av forskriftene, vil dei no stramme inn og følgje opp med reaksjonar ved brot på dei lokale forskriftene.

Som følge av dei nye føringane så venter Vest politidistrikt at det vil kome meir reaksjonar og straffesaker innan dette området. For å vere budd på dette er det utarbeidd lokalt påtaledirektiv. Politiet informerer elles om at dei opplev at det ikkje har skjedd ein særleg auke i sakar knytt til smittevernreglementet etter at forskrifta vart skjerpa, men at dei har nokre pågåande sakar i fylket.

Det er samstundes viktig å vere bevist på at det òg er eit kapasitetsomsyn ved prioritering av oppdrag, slik at oppdrag knytt til akutt liv og helse vil til dømes bli prioritert framfor brot på gjeldande smittevernreglement.



Kommunane vert oppmoda til å ha dialog med politiet lokalt for å avklare eventuelle spørsmål og problemstillingar som skulle oppstå.

7. Vår tolking av § 5 femte ledd i covid-19-forskrifta

Vi har fått nokre spørsmål om krav til dei som skal vere i innreisekarantene, og som ikkje er unnateke karantene i arbeidstida etter nokon av unntaksparagrafane i § 6 i forskrifta. Førespurnadane gjeld utanlandske arbeidarar.

[Covid-19-forskrifta § 5](#) femte ledd lyder «*Personer i innreisekarantene kan bare oppholde seg utenfor oppholdsstedet hvis de kan unngå nærkontakt med andre enn dem de bor sammen med. De som er i karantene, kan ikke være på en arbeidsplass der også andre oppholder seg, på skole eller i barnehage. Det er ikke tillatt å bruke offentlig transport.*»

Når det gjeld første punktum, at dei berre kan opphalde seg utanfor opphaldsstaden viss dei kan unngå nærkontakt med andre enn dei de bur saman med, tolkar vi dette som at dei ikkje kan vere i nærkontakt med andre arbeidarar som er i karantene. "Bor saman med" tolkar vi som dei som er i same husstand i ein normalsituasjon, og at dette altså ikkje gjeld ein gruppe arbeidarar som kjem til landet samstundes.

Når det gjeld andre punktum, at dei ikkje kan vere på ein arbeidsplass der andre òg oppheld seg, tolkar vi dette som at det ikkje blir opna for arbeid i "karantene-kohortar". Dette er fordi den einskilde arbeidar som kjem til Noreg, og som fell inn under krava til å gjennomføre innreisekarantene, vert satt i «enkeltvis» karantene. Det er difor ikkje noko som heiter «karantene-kohortar» for arbeidarar. Viss ein skal kunne vere i arbeid må vedkommande ikkje vere i kontakt med andre som allereie er i arbeid, og da heller ikkje nytte felles fasiliteter som toalett eller kantine. Dei må såleis vere heilt avskilt frå andre, òg frå andre som er i innreisekarantene.

Vi har for ei stund sidan bedt Helsedirektoratet om ei presisering av korleis forskrifta skal tolkast, og vi tek difor høgde for at tolkinga kan endre seg.

8. Smittevernutstyr

I veke 46 vert 8 mill. hanskar, 80.000 munnbind og 200.000 stellefrakkar fordelt til kommunane nasjonalt.

Forbrukskalkulator og auka forbruk av munnbind

Helse Sør-Øst lagde tidelgare i år ein forbrukskalkulator som kommunane kan bruke for å rekne ut volum på behov for smittevernutstyr. I kalkulatoren er det historisk forbruk under pandemien som vert lagt til grunn. Utrekningane legg òg til grunn at munnbind berre skal nyttast om covid-19 er mistenkt eller stadfesta. Etter kvart som smitten har auka, og fleire kommunar òg nyttar munnbind utan at det er mistanke om covid-19, har forbruket gått betydeleg opp.

Helsedirektoratet informerer difor om at det kan vere aktuelt for kommunane å bestille inn ein tredobling av volum på munnbind ut frå kva kalkulatoren viser, men direktoratet har enda ikkje landa heilt på omfanget av den konkrete tilrådinga. For å gjere tilrådinga så riktig som mogleg er det viktig at kommunane held fram med å rapportere ei Altinn ettersom dette er utrekningsgrunnlaget til direktoratet.

Vedlagt ligg brev frå Helsedirektoratet om dette.



Økonomisk kompensasjon for innkjøp av smittevernutstyr

Vi har fått spørsmål frå nokre kommunar om korleis innkjøpa av smittevernutstyr vil kompenseres økonomisk. Vi venter framleis på ei avklaring frå nasjonale myndigheiter. Regjeringa har lagt fram eit forslag til nytt statsbudsjett, kor det òg er lagt til eit tilleggsnummer/kapittel som omhandlar kompensasjon for kommunanes meirutgifter i samband med pandemien. Budsjettet skal forhandlast i Stortinget noko som kan medføre endringar på forslaget.

Det er satt ned ein eigen arbeidsgruppe i Kommunal- og moderniseringsdepartementet som arbeider med økonomisk kompensasjon til kommunane. Dei kom med sin første delrapport i oktober.

For meir informasjon om nyhende frå Regjeringa om kommune økonomien under koronakrisen sjå her: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/kommuneokonomien-under-koronakrisen/id2784470/>

Sjå her for å lese første delrapport frå arbeidsgruppa i KMD:

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/anslar-kommunesektoren-sine-koronautgifter-til-14-milliardar-kroner/id2771565/>

9. Hurtigtestar

Det går føre ein pilot der 4000 pasientar skal testast med både antigen hurtigtest og PCR-test, for å få meir om sensitivitet og spesifisitet i hurtiggentesten. Det er venta ein konklusjon innan 1. desember. Det jobbast samstundes med å finne ein teknisk løysing for å melde inn testsvaret.

Hurtigtestane vil bli distribuert til dei regionale helseføretaka og skal fordelast til laboratoria, som så sender ut til kommunane. Det vil kome tilrådingar for korleis testane skal brukast på best mogleg måte.

Helsedirektoratet opnar opp for at kommunar med utbrot kan få tilgang til hurtigtestar som kan brukast samstundes med vanleg PCR-test, slik at ein raskare når 4000 testpasientar. Ta kontakt med oss viss dette er aktuelt for dykk.

10. Vaksine mot covid-19

FHI leverer på søndag eit førebels framlegg til Regjeringa om kva grupper som skal prioriterast for vaksinasjon. FHI held òg på med å lage ein vaksinasjonsrettleiar til kommunane som snart vil sendast ut til kommunane.

11. Tvang

Vi har fått fleire førespurnader om tvang ved testing for covid-19, og vi tolkar dette som at det har blitt ein meir aktuell problemstilling for kommunane i desse dagar.

Helsedirektoratet har laga ein rettleiar som heiter Frivillige og tvungne smitteverntiltak (covid-19). Rettleiaren finn de her: <https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/frivillige-og-tvungne-smitteverntiltak-covid-19>

Dette er kanskje spesielt vanskeleg i tilfelle der det er pasientar som enten manglar samtykkekompetanse eller som ikkje forstår tiltaka eller bakgrunnen for dei, t.d. hos psykisk



utviklingshemma. Frivillige tiltak er alltid utgangspunktet, og tenestene har plikt til å prøve å finne alternativ til tvang.

Ved behov for tvang for smittevernformål er det først og fremst smittevernloven som gjeld. Ved testing av pasientar eller brukarar som ikkje har samtykkekompetanse, for å avklare om det ligg føre covid-19, er det smittevernlova § 5-2 som gjeld. Kapittel 4A i pasient og brukarrettigheitslova kan ikkje nyttast til dette. Ved behov for hasteavgjerd, er det smittevernlova § 5-8 som gjeld.

I kapittel 6 i rettleiaren til Helsedirektoratet finn de oversikt over dei ulike rettsgrunnlaga som gjeld ved ulike pasientpopulasjonar og ulike tiltak. Kapittel 5 gjer ei vurdering av nødrettsbetraktningar.

Vi er kjende med at Bergen kommune, Etat for sjukeheim, har laga ein prosedyre for sjukeheimane for tilfelle der det er naudsynt med tvang. Vi ber dykk om å ta kontakt med Bergen kommune viss de ønskjer å vite korleis dei gjer dette.

12. Informasjonssakar frå utdanning

Munnbind på skuleskyss

Vår vurdering er at elevane sjølve må syte for å ha munnbind, og bruke dei i tråd med gjeldande retningslinjer, både nasjonale og lokale. Vi kan ikkje sjå at dette er i strid med elevane sin rett til gratis opplæring. Spørsmålet er sendt til Kunnskapsdepartementet sist veke, og vi melder tilbake så snart vi får ei avklaring. Om Kunnskapsdepartementet kjem fram til ein annan konklusjon enn Fylkesmannen, så er det uansett klart at dette var den forståinga Fylkesmannen hadde på dette spørsmålet.

Rapport Ekspertgruppe – Konsekvensar av smitteverntiltak i barnehage og skule

Som informert om på møtet i går publiserte ekspertgruppa i dag ein rapport om konsekvensar av smitteverntiltak i barnehagar og skuler.

Rapporten finn de her: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/ekspertgruppens-rapport-konsevenser-av-smitteverntiltak-i-barnehager-og-skoler/>

Gjennomføring av eksamen

Det skal gjennomførast eksamen til våren. Det er trong for tidleg avklaring frå sentralt hald med omsyn til forventningar til og rammer for gjennomføring. Melding frå Utdanningsdirektoratet er at dette vil ligge føre i nær framtid.

Melding om stenging av barnehagar og skular

Vi har stor nytte av meldingane vi får om stenging av skular og barnehagar. Vi ber om at de held fram med år rapportere til oss slik at vi fortløpande kan vidareformidle status i fylket til sentralt nivå.